

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur – Nr. 3 Oktober 2012 – 15. årgang



Fäbodsriksdagen i Sverige

Tagestad seter

Framtidstanker om seterdrifta

Mulegheiter i gamle seterhus

Bøker om seter og om mat

Side 3

Side 4 og 5

Side 6

Side 9

Side 7



Neste Seterbrukaren

kjem ut i desember. Veldig godt å få stoff, bilete og annonsar innan 20. november.

Norsk seterkultur på facebook

Følg oss på Facebook.



På www.seterkultur.no

– med tittel "Til seters"- har vi ein enkel presentasjon av setre som er opne for publikum/gjestar. Lista er ikkje ajourført på ei tid, somme av stólane er jamvel nedlagt, opplegg og produkt er endra – og mange "nye" har produkt og opplevingar å tilby. Dette er eit medlemstilbod, send enkel tekst og 2-3 foto til seter@seterkultur.no, så ordnar NSK resten. Men det er viktig med tilbakemelding om ajourføring av eksisterande tilbod - og frå nye som ynskjer å nytte tilboden.

Styret:

Katharina Sparstad, leiar, Tlf. 990 09 584
katharina.sparstad@valdres.no
2975 Vang i Valdres

Siv Eggen, nestleiar, tlf. 48 10 27 85
7760 Snåsa
sbeggen@msn.com

Odd Arne Espeland, tlf. 53 66 84 80
5627 Jondal
odar-esp@online.no

Bjørn Karsten Ulberg, Tlf. 97 61 09 89
3358 Nedre Eggedal
bkulberg@broadpark.no

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbruksamkvirket)

Varamedlemmer

Nanfrid Røysland , tlf 90 75 11 16
3656 Aträ
sigmund@selstali.com

Ingrid Arneng, tlf. 95 78 32 06
Skjel, 2940 Heggene
i.arneng@skjel.no

Jorunn Hagen, tlf. 911 81 348
Kråbølsstuguvegen 22
2635 Tretten

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr. 879270642
Redaktør: Jostein Sande
Førtყkk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Framsidefoto: Veslebudeia Andrine.

Foto: Camilla Tagestad Iversen.

"Vann krigen, men tapte freden"?

Gudbrandsdalsosten – berre ein ost?

Er tittelen på ein artikkel av Kirsti Lunde i siste

utgåva av tidsskriftet Syn og Segn.

Her skriv ho om osten som "alltid har vore her", om dei lange historiske linene, om Anne Hov, Solbråsetra og "oppfinninga" av G35 – og kampen for å ta vare på det siste meieriet i Gudbrandsdalen med produksjon av Gudbrandsdalsost.



"Tine rekna nok med protestar då dei vedtok å flytte produksjonen av gudbrandsdalsost ut av Gudbrandsdalen. Men kva fekk ei kjempe på over 50 000 menneske, ein kjendiskokk og ein brunostbil til å reise seg frå folkedujupet?, spør Lunde. Arne Brimi har skildra dette som "kampen om identitet og gode produkt".

"Lokal eller global ost"? spør Kirsti Lunde, som undrar seg på at Tine ikkje i utgangspunktet såg verdien av den lokale tilknytinga. Aksjonen oppmoda oss om å sjå etter rette nummeret på Gudbrandsdalsosten, og "kjempen" som reiste seg mot nedlegginga av Tine Lom og Skjåk vann.

– Etter dette hadde eg håpa at raudosten produsert i Gudbrandsdalen skulle vera å finne på alle private frukostbord, i alle nistepakker og på alle frukostbord på hotell og overnatningsstader mellom Grotli og Lillehammer. Det første er vanskeleg å kontrollere, det siste lettare. Etter å ha opplevd frukosten på ein del større og mindre hotell i Gudbrandsdalen i sommar, frå Lom til Lillehammer, er eg skuffa! I beste fall fann vi ein ørliten, stakkarslag, bortgøymd stopel med skiva brunost eller ein skalk av eit slag, som like godt kunne vera fløytemysost.

Såg lite til osten som jamvel er kåra til "det norskaste norske"! Det burde vore ein stolt og høgreist G35 på kvart slikt bord, gjerne ein 2,5 kgs rundost!. Ei soleklår oppgåve for Tine sitt salsapparat, ein ypperleg arena for marknadsføring overfor så vel norske som utanlandske turistar – og ei minst like soleklår oppgåve for mat- og reiselivsverksemene i Gudbrandsdalen! I dag ser eg Gudbrandsdalsost avertert til kr. 49,90 pr. kg så kostnad bør i allefall ikkje vera noko hinder!

Jostein



Tid som var

Ein gong var det liv og røre her og livberging. I dag, nokre kilometer frå hyttepalassa, gløymt og i forfall!



Fra venstre: Carin Gisslén-Schöning, fäbodbrukare Gävleborg och förtroendevald i FSF, Martin Moraeus, ordförande LRF Dalarna, Håkan Tunón, verksamhetsledare CBM, Pauline Palmcrantz, ordförande FSF, Siv Beate, Goth Bertil Johansson, ordförande Värmlands Säterbrukare och FSF styrelseledamot.

Fäbodsriksdagen i Sverige

Styret i Norsk seterkultur
på Fäbodriksdag i Torsby i Sverige

Helgen 21-23 september var styret i Norsk seterkultur på fäbodriksdagssamling med sin svenske søsterorganisasjon. I Sverige er Föreningen Sveriges fäbodbrukare en paraplyorganisasjon for Dalarna, Jävleborg og Värmland fäbodforeninger. Samlingen var lagt til grensekomunen Torsby i Finnskogen og inneholdt både salgsmarked, faglige innlegg, debatt og stolsbesøk.

Välkommen till Fäbodriksdag 2012
Klarälvdalens folkhögskola, Stöllet



Tema: Matproduktion från de svenska utmarkerna
PROGRAM

Kulturlandskap, biologiske verdier og matkvalitet

Gjennomgående tema for samlingen var kulturlandskap og det biologiske mangfoldet som knytter seg til beitelandskapet. Sverige har kun få stoler i drift, og det finnes ingen offisielle tall på hvor mange stoler som faktisk er i drift. Tall som blir brukt er fra 50 – 200. I Sverige gis det også stolstilskudd for beiting med ammekyr, slik at disse også blir telt som aktive stoler.

Sverige og Norge har allerede etablert samarbeid gjennom et Interregprosjekt som tar for

seg det biologiske mangfoldet knytta til beitelandskapet. Forprosjekt er nå avsluttet, og det er søkt om hovedprosjekt. På norsk side går prosjektet gjennom Bioforsk Midt Norge. Prosjektet legger også vekt på biologisk mangfold som kulturarv og tradisjonell kunnskap som ressurs for bærekraftig utvikling.

Svenskene var også opptatt av klassifiseringsmetoder av beitemark som er utarbeida av Ynge Rekdal ved Institutt for Jord- og Landskap på Ås. I følge svenske seterbrukerne mangler landbruksforvaltningen i Sverige gode redskap for bruk og forvaltning at utmark som beiteressurs.

Som her i Norge er de også kjent med sammenhengen mellom fjellbeite og melkekvalitet.

Samtidig har svenskene undersøkt hvordan ulike storferaser utnytter utmarksbeitene. Her viser svenske undersøkelser at den svenska fjellkoen hadde høyere verdier av polyfenoler, karoteniner, C-vitaminer og umetta fettsyrer en melk fra Holsteinku på samme beite. Den svenske fjellkoen kan sammenlignes med vår norske sidet trønder og nordlandsfe.

Også den svenske Riksantikvaren ved Fabian Membus var representert. Han er opprettet av å ta vare på det som er igjen av den svenska stølskulturen, og forsøkte å definere ulike, truede natureng- og beitemarskstyper. Han var også opptatt av at vern av verdifulle områder ofte har virket negativt fordi dette ikke har vært fulgt opp med skjøtsel og aktiv bruk som er en fortutsetning for å ta vare på den særegne økologien som er knyttet til

Framhald på side 10



Litt krangsel over skigarden i kveldssola.

Tagestad seter

Det er så utrøeg viktig å bringe seterkulturen vidare til nye generasjonar – og frå i fjar sommar har vi hatt opa seter onsdag til sundag. Det har vore veldig gjevande, talet på gjestar har auka – men framleis er vi i ein startfase og så langt har det nok vore meir utgift enn fortjeneste. Det er Camilla Tagestad Iversen som seier dette.

Vi er på Tagestad seter på Gålå i Sør-Fron, høgt opp i lia aust for Gålåvatnet. Det er sein kveld i slutten av juli og sola er i ferd med å sige attom fjella i vest. Ein solnedgang

verdt å oppleve! Kyrne beiter roleg inne i den romslege og frodige kvia. Brått kjem det ein flokk kyr av eit anna slag ralande etter vegen, og det blir eit møte over skigarden med både litt krangsel og rolegare samtale. Tett ved setra ligg hytter og store turisthotell, denne kveldsstunda blir òg eit møte mellom fritidssamfunn og eldgamal seterkultur. Eit møte ein ikkje lett gløymer! På hi sida av dalen ser vi Solbråsetra der Anne Hov ”fann opp” Gudbrandsdalsosten . . .


Det er garden Tagestad nordre på Harpefoss som setrar her. Garden og setra har vore i familien sidan 1908, fortel Camilla, som legg til at det er foreldra Anne May og Jan Tagestad som driv garden på Harpefoss. Camilla, mannen Terje Iversen og dotra Andrine Johanne gjer seg klare til å føre arven vidare. Dei bur på eit bruk på andre sida av dalen, så

i framtida vil dei ha to setre og mykje utmark og skog å ta seg av. Generasjonane samarbeider godt og førebur den vidare drifta av både garden og setra. For Camilla er setra sjølve paradiset, og dotra på seks år er einig.


Garden Tagestad nordre har ei mjølkekvote på 170 tonn og med mykje vårkalving blir mykje av mjølka produsert på setra – 13-1400 liter på kvar levering. Dei 20 kyrne kjem på setra kring 1. juli og er der til siste veka i september. I tillegg er dei minste kalvane med, attåt geit, kaninar, høner og kjuklingar og katt. Totalt er det kring 50 storfe på garden. - Fjøset heime vart fornya til lausdrift i 2000, men kyrne har ingen problem med å finne plassane sine i båsfjøset på setra, fortel Camilla. For budeia Therese Rudi var det i sommar femte sesongen ho arbeidde på Tagestad seter, og det er sikkert mange som



Dei små dyra på setra må også få godt stell.



Kjekt å koma inn i velstelte seterhus.



Vellykka nasjonal kulturlandskapskonferanse i Lom

Konferansen samla kring 100 deltagarar til to innhaldsrike dagar med spennande foredrag og diskusjonar om forvaltning av kulturlandskapet. Dei fleste deltagarane kom som venta frå offentlig forvaltning, men bodskapen var klår: Utan bønder som bur og driv landbruk i kulturlandskapet, klarar vi ikkje å ta vare på det!

Ein ekskursjon var og ein del av konferansen, - til Nordherad i Vågå som fekk den nasjonale kulturlandskapsprisen fra Norsk Kulturav i 2009. Nordherad er og er eitt av jordbruks utvalgte kulturlandskap. Ekskursjonen gjekk med med buss Nordherad rundt, med innlagte gardsbesøk på Valbjør (Kai Valbjør) og Nigard Kvarberg (Ola Kvarberg).

Mange av foredragene er tilgjengeleg på internett via nettstaden til Fylkesmannen i Oppland.



Tagestad seter ligg fint til og med flott utsikt.



Camilla Tagestad Iversen

har sett innslaget med henne der da ho vart intervju i programmet ”Status Norge: Bondelelandet” på NRK. Eit flott innslag for både seterdrifta og landbruket samla. – Kyrne beiter både på innmark og utmark, siste åra har det vore for mykje regn til at ein har kunna hauste noko av innmarka – og kyrne har greidd seg utan tilskot av rundballfor. Kyrne er inne berre til mjølking, elles får dei gå fritt.

Opa seter

Det er rimeleg å koma inn på setra og i inngangsprisen er det inkludert sveler med godt smør og brunost og kaffe/saft. Etter eit litt tungvindt opplegg for matlagning første sommaren, med mykje springing mellom husa, fekk vi i år til eit meir rasjonelt opplegg. Gjestane får nyte maten der dei ynskjer, og det er ikkje lagt opp til organisert guiding. Vi er der for å svare på spørsmål og vil gjerne ha ein dialog med gjestane. Vi har ope slik at

det er muleg å få oppleva kveldsstellet i fjøset, og det er veldig populært, seier Camilla. I vinterstuggu er det ein liten seterbutikk der det er salg av forskjellig husflid og handverk, og elles utstilt ein heil del gamle ting som høyrer setra og seterstellet til. – Vi trivst på setra og heile familien ynskjer å halde fram med å opne dette paradiset for fleire, seier Camilla Tagestad Iversen.



”- Det er drømmejobben. Å være på setra i fjellet og melke ku, det er stas. Når det er juletider, begynner jeg å glede meg til å dra på setra igjen.”

Therese Rudi
til Norsk Landbruk

Noen tanker omkring framtida til

Da er høsten her og de fleste begynner å få dyra sine hjem fra fjellbeite. Butikkhyllene bugner nå av norsk kvalitetsmat basert på norske fjell- og utmarksressurser. Fjellet og utmarka har alltid vært en viktig ressurs for norske bønder.

Av Therese Rudi

I tidligere tider spilte setra en avgjørende rolle for matproduksjonen i Norge, og setringa var svært omfattende, spesielt i dal- og fjellbygdene. Det var her det ble produsert ost, smør og rømme for å ha til vinteren og for salg. Vinteren var ofte lang og hard, og så snart våren begynte å melde sin ankomst med grønne spirer, ble dyr sluppet ut av bing og bås. Mange gårder hadde såkalt heimseter, dette ble ofte brukt som en slags ”mellomstasjon” mellom gården og hovedsetra. Hit flyttet man så snart beitet var klart på våren. Og når beitet ble dårligere på setra samtidig som høsten meldte sin ankomst, flyttet man ned på heimsetra, før man til slutt flyttet hjem til gården i bygda

lenger utover høsten. På denne måten fulgte man hele tiden etter beitet der det var best og fikk utnyttet det. Setrene ga også større grunnlag for å høste av fjellet, slik som vilt, mose, lauv og bær.

Om ikke bruken av utmarka er så stor og omfattende i dag som den var før, er fortsatt veldig mange norske bønder avhengige av ressursene som fjellet og utmarka gir for å kunne fortsette som bønder. Men har seterdrifta en framtid? Ringebu ble før krigen regnet som landets største seterkommune, med 450 setrer i drift. I dag er det igjen i underkant av 30 setrer som er i aktiv drift.

En av vår tids største utfordringer knytter seg til behovet for mat. I dag sulter 1 milliard mennesker. I følge FN vil vi være mellom 9 og 11 milliarder mennesker på jorda om snau 40 år. Det vil kreve en økning i matproduksjonen på 70 %. Med andre ord ganske heftige saker når matproduksjonen og naturressursene er truet på flere hold. Blant annet så vil klimaendringene vil endre forholdene for matproduksjon over hele verden. Matjorda er truet av nedbygging flere steder. Også i Norge vil vi oppleve en

befolkningsvekst som krever at hvis vi skal være sjøforsynt på dagens nivå (som ikke er noe å skryte av), vil vi måtte øke matproduksjonen vår med 20 % innen 2030.

I dag legger Norge alene beslag på 2,5 millioner dekar jord i utlandet med vår import av råstoff til kraftfør. På de ti siste årene har hver tredje bonde gitt opp gårdsdrifta. Matproduksjonen har blitt mer sentralisert og spesialisert. Det har blitt større og færre gårdsbruk, og kravet til effektivitet og ytelse har økt. Mange store fjøs er bygd, uten at naturgrunnlaget rundt gården er tatt med i betraktingen. Noe som har ført til at mange norske melkekyr aldri får ut å gå på beite, men heller står inne og spiser kraftfør. At vi spiser billig kylling som egentlig ikke er så sunt og hiver innpå med svinekjøtt produsert på betong. Tidligere landbruksminister Brekk sa at norske bønder må produsere det forbrukeren vil ha, kylling og gris. Norsk landbruk slik det ser ut i dag, er et resultat av politisk styring og forbrukerens krav til billig mat. Men hvis man ser på framtidas utfordringer, så dreier det seg ikke lenger bare om hvor mye mat vi må produsere, men også hvordan.



Therese Rudi (21), odelsjente fra Ringebu, økoagronom fra Sogn Jord-og Hagebruksskule, budeie på Tagestad seter i 5 år, medlem i ungdomsutvalet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag og ”aktivist” når det gjeld å kjempe for landbruket og bygdene. Aktuell på TV med klår tale i programmet ”Status Norge: Bondelandet”.

seterdrifta

All mennesker har rett til trygg, sunn og god mat. Det kalles matsikkerhet. Alle land har en rett og en plikt til å produsere mat til sin egen befolkning. Norge har et barskt klima, kort vekstseseong og varierende topografi, det blir aldri enkelt å produsere store mengder mat her. Bare 3 % av landarealet vårt er dyrket mark. Men for å si det enkelt; Norge er et grasland. Store deler av landet vårt eigner seg bare til dyrking av gras. Som beskrevet tidligere, har bruken av utmarka i Norge vært meget omfattende, men i dag er den på et minimumsnivå. Vi har store fjell- og utmarksarealer som i dag er uutnyttet! Det er bare beitedyr som kan utnytte det store potensialet som utmarka vår har til matproduksjon.

Politikere har mange fine ord om norsk mat. Seterdrift derimot, er lokal matproduksjon basert på norske ressurser i praksis. Et av hovedpoengene ved seterdrift er at kua får gå i utmarka å beite fritt, med minst mulig bruk av kraftfôr. Kua vil da spise flere arter av villgras, urter og buskas, noe som gir melka en rikere smak. Melk produsert nede i bygda der kua spiser surfôr eller beiter på eng som inneholder noen få grasarter, vil gi en helt annen slags type melk. Det er også vitenskapelig bevist at setermelk produsert på utmarksbeite har et sunnere innhold av fettsyrer. Kua og geita produserer et førsteklasses produkt som er produsert på naturens råstoff. Etter min mening burde setermelk vært produsert på glassflasker og solgt på vinmonopolet! Så godt, så sunt og så eksklusivt er det faktisk. Og hva med dyrevelferden ved seterdrift? Kan den være bedre? Også av hensyn til kulturarven vår, er det å ta vare på den aktive seterdrifta viktig. Seterkulturen blir bare opprettholdt ved aktiv drift. Og undersøkelser viser at gamle bygninger som er i bruk, blir best tatt vare på.

Hvis Norge skal ta sin del av ansvaret med å produsere mer mat til en økende befolkning, er utvilsomt seterdrifta en del av framtidas løsninger. Men det krever at politikere er med på å utforme rammebetingelser som gjør det mulig å drive med utmarka som basis. Seterdrift er en ekstensiv produksjon, men den foregår på norske ressurser. I ei framtid der befolkningsveksten vil bidra til å øke presset på naturressursene mer og mer, er det viktig at hvert land utnytter sine naturgitte forutsetninger for matproduksjon. I løpet av de siste årene har det igjen blitt myølkekunst på to tidligere nedlagte seter i Ringebu.



Komiteen bak boka "Til seters". Fra venstre Turid Aspehjell, Liv Bersås, Sunneva Linge, Hegelin Waldal og Mette Marie Døving. Foto: Storfjordnytt

Til seters. Setrar i Norddal

Dette er tittelen på ei praktbok – eller gjerne "praktfull" bok – på over 470 sider som Valldal Bygdekinnelag står bak, presentert 17. juni 2012 på setra Klovset i Valldalen. - "Til setertausene" lyder opninga av boka. Innsamlingsarbeidet som bygdebokforfattaren Ivar Kleiva gjorde og rapporten "Setrar i Norddal" av Stein Stoknes dannar eit systematisk faktagrundlag, sameleis bøker og hefte om enskildsetrar og setergrender. Men først og fremst ber boka preg av kva setertauer har fortalt, av alt det dyktige medlemar i bygdekinnelaget har greidd å samle inn av opplysningar om livet på setrane i Norddalsbygdene – Valldalen, Fjørå, Tafjorden, Dalsbygda og Eidsdalen. Redaksjonsnemnd: Turid Aspehjell, Liv Bersås, Mette Marie Døving, Sunneva Linge og Hegelin Waldal. I omtalen av arbeidet med boka fortel dei at dåverande leiar i bygdekinnelaget, Kjersti Døving, i 1984 tok initiativ til å samle inn materiale om setrane.

Også Norddal kommune har vore inne i biletet, og resultatet er framifrå!

I dag er berre ei seter i drift i Norddal kommune, men mange setermiljø i Norddals-bygdene er tekne godt vare på og brukta aktivt både i fritid og beitebruk. Boka synleggjer kor utruleg viktig seterdrifta var – heilt til dei store endringane i landbruket og bygdene slo inn etter andre verdskriga. Lite er att av aktiv seterdrift, men kanskje kunne nokon ta opp att drifta – slik det skjer andre stader i landet?

I storverket "Sæterdrifta i Noreg" av Olaf Reinton er alle "heimelsmenn" menn. Og nesten det same gjeld mange andre bøker om seterdrifta, men i denne boka er det verkeleg setertausene som kjem til orde og fortel å oss! Boka er rik på bilete, av nyare dato, men og utruleg mange gamle foto som syner kva verdi og rolle setra og seterlivet spelte.

Boka presenterer setrane i rad og rekke etter matrikkelgardane i kommunen, bygdevis, greitt og oversiktleg. Vidare er det artiklar og mindre kapittel i boka, både artiklar om særlege tema og dikt.

I innleiinga skriv boknemnda følgjande: "Vi håper at Til seters – setrar i Norddal – er til glede for dykk, og at de vert inspirerte til å ta dykk ein tur til dei mange setrane. Karta i starten og slutten av boka viser kvar dei ligg, og med turkart og merkte løyper er det ikke vanskeleg å finne fram. – Vi kan ikkje få fulltakke alle for innsatsen i den felles dugnaden som ei slik bok er. Takk til dei flotte menneska som har gitt oss forteljingane sine og bilete frå den tida som var. Nokre av informantane våre gjekk bort før boka var ferdig. Vi minnest dei i takksemد".

Ekte

Dette er ei bok om verdiskaping, mat og kulturminner i Solør og på Finnskogen, også med innslag av seterkultur og aktiv seterdrift. Vi møter femten menneske i Solør og på Finnskogen som følgjer draumane sine knytt til det å skape verdiar basert på lokale ressursar. Det handlar om kulturminne, om tradisjonar, nærlighet til naturen, bærekraft og kortreist mat. Det er ei bok om folk som tør å tenke annleis, som ser mulegheiter i bygdene sine – og som gjennom hardt arbeid oppnår mykje. Boka handlar mykje om kortreist mat – og det gjer det også på Braskerudsetra der Erik Fleischer har bygd opp att seter der oldefaren i si tid hadde seter.

Der har han kyr, hestar og sauer og inviterer til opa seter. Braskerudsetra skal vera eit levande kulturminne, uttalar han. Boka Ekte er veldig godt handverk, innbydande og informativ – og ei fin "reisehandbok" til spennande opplevelsingar i Glåmdalen og på Finnskogen. Christine Kristoffersen står for både tekst og foto og utgjevar er Destinasjon Finnskogen AS.



Solbråsetra



Solbråsetra har Olavsrosa, Norsk Kulturarvs kvalitetsmerke.

"Oppfinninga" av Gudbrandsdalsosten kan heilt sikkert diskuterast, men at Anne Hov og Solbråsetra høyrer med i biletet er heilt sikkert.

Setra ligg oppe i lia under Valsfjellet i Sør-Fron med utsikt mot Gålå. Solbråsetra er i dag opa eit par dagar i veka ein månads tid i juli og august, elles på særlege seterdagar og under Peer Gynt-stemnet. – Anne Hov var budeie på Solbråsetra og det heiter seg at ho ville stelle til noko betre enn den magre geitosten som var vanleg midt på 1800-talet. Såleis fann ho på å ha fløyte frå kumjølk i osten, og slik fekk ho ein ost som vart grunnlaget for Gudbrandsdalsosten.

Anne Hov fekk Kongens fortjenstmedalje i 1933. I grunngjevinga heitte det at ho med utviklinga av denneosten hadde redda Gudbrandsdalen fra økonomisk krise i 1880-åra. Ho var nok ikkje åleine om dette og det var nok ikkje ukjent for nokon at rau'osen vart betre med auka feittinhald. Men lenge hadde smør vore viktigaste produktet og å bruke fløyten til anna enn smør vart sett på som sløsing. Men med fallande smørpriser måtte ein sjå seg om etter andre produkt som kunne seljast. Anne og mannen Thor Hov bygde eit gardsysteri som også tok i mot mjølk frå nabogardane. Osten vart ettertraka, prisen nærma seg smørprisen og dermed kunne meir av mjølka omsetast til brukbar pris. – Solbråsetra er fint halde i stand, men innmarka og området elles ber preg av at det er minkande seterdrift i området i dag.

Langs vegen

Stadig færre slike skilt å sjå, stadig fleire stengde fjøsdører – og stadig færre kyr å sjå langs (og på) vegen.

Stadig fleire kyr hamnar på "lukka avdeling" i store robotfjøs.

At landskapet da endrast er opplagt, men kva med forståinga for landbruket generelt og mjølkproduksjonen spesielt?





Dei store husa er i ferd med å koma attende til fordoms prakt.

Mulegheiter i gamle seterhus **Kalven seter**

Må tilstå at vi har lagt merke til denne setra i fleire tiår, store hus i sterkt forfall - men óg lagt merke til at noko har teke til å skje der dei siste åra. Vi stakk innom ein dag det var hektisk aktivitet med å stelle i stand til Gardmillom 2012, eit samarbeid mellom gardar – og no altså og ei seter – i Gudbrandsdalen.

Øistein Formo tok seg likevel tid til å vise oss husa og fortelje om setra og restaureringsprosessen. Øistein er fagmann når det gjeld restaurering, så han har mange gode tips å koma med.

Kalven er ei perle av ei seter som ligg idyllisk til i sørrenden av Lemonsjøen i Vågå, like ved riksveg 51, som er ein av Noregs Nasjonale turistvegsatsingar og ein av fleire tilkomstvegar til Sjodalen og Jotunheimen. Kalven hører til garden Kviten på Tessanden ved Vågåvatnet, der eigarane av setra, Anne-Mari, Øistein og Selma Isabelle bur. Frå 2005 og fram til i dag har setra vore gjennom ein omfattande restaureringsprosess.


Seks av åtte hus er restaurert autentisk både når det gjeld arbeidsteknikkar, materialval og løysingar. Norsk Kulturminnefond har vore involvert i prosjektet frå dag ein og er ein viktig bidragsytar til at vi kan realisere draumen vår om å attendeføre setra til slik ho ein gong var, seier Øistein.

Anne-Mari Sandvær og Øistein Formo og vesle Selma Isabelle ynskte gjestar velkommen til seters under arrangementet Gard-

millom sist sommar. Øistein er sjølvstendig næringsdrivande, han driv firmaet Brødrene Formo saman med brødrene sine. Han er og bestyrar på eit privat hyttetur i heimfjellet.

På garden Kviten driv han og Anne-Mari med gras og kjøtproduksjon. Anne-Mari har utvida mammapermisjon frå lærargjerninga, for å kose seg heime saman med Selma Isabelle (1 år), og for å bruke tida til å utvikle Kalven seter og framtidig gardsturisme på Kviten.

Denne sommaren var det berre ope under Gardmillom 26.-29.7 frå 12.00-18.00. Men til neste sommar tek dei sikte på å ha ferdigstilt alle husa og tilby traktering, ulike aktivitetar og arrangement frå St. Hans (22. juni) til skulestart (18. august). Og dei ser fram til å kose seg på setra saman med kyrne, saueane, hestane og alle besøkande.



Øistein Formo, allsidig handverkar og gardbrukar



Skikkeleg skigard hører med.

Framhald frå side 3

ekstensivt beite og slått. Det ble også utrykt frustrasjon fra salen over at forskning på dette området ofte er vanskelig tilgjengelig for beitebrukerne. Dersom målet er å ta vare på mangfoldet bør det også være et mål at relevant kunnskap må gjøres tilgjengelig for brukerne. Samtidig er det store arealer hvor de biologiske verdiene i Sverige ennå ikke er undersøkt.

Noen av seterbrukerne påpekte også at matproduksjon fremdeles må stå i fokus, og at kulturlandskap og biologisk mangfold er en positiv konsekvens av dette.

Rovdyr truer svensk fåbodbruk

Et annet tema som kom opp i mange sammenhenger var rovdyr i stølsområdene. Som kjent har Sverige et mye større antall ulv i sin forvaltning, og dette går svært hardt ut over stølsbrukerne. Det er også et stort problem at det ikke gis fellingstillatelse i nødverge. Mange har vært vitne til at dyr er revet i hjel uten å kunne foreta seg noe som

helst. I tillegg til direkte tap av dyr, blir dyra også stresset slik at de går ned i melkeytelse.

"Mann av huse" for lokal mat

Et mer hyggelig tema for samlingen ble tatt opp av Cristina Wickstrøm fra Mat i Värmland. Hun kom fra länstyrelsen i Värmland der de er i gang med å etablere et matnettverk. Antall deltakere er nå oppe i 80 produsenter. Hun mente at Sverige ligger godt an til å bli det nye, nordiske matlandet og viste til at nordiske kokker har markert seg sterkt i europeisk sammenheng de senere årene. Ettersporselen etter lokalmat er uansett sterkt økende i Sverige. Dette ble bekreftet til fulle da de i 2011 arrangerte en regional matmesse som et prøveprosjekt. Interessen var overveldende, hele 7300 besøkende skapte trafikkork på innfartsveiene. De har også opplevd mange positive "spinn-off"- effekter av arbeidet. Hun fortalte at fire investorer nå har kjøpt opp det nedlagte Karlstad Meieri som mathall for matbedrifter som vil videreutvikle seg.

Bransjekriterier er også viktig for svenskene

Også Ida Olufson fra organisasjonen Eldrimner var opptatt av mat. Hun arbeider sammen med Dalarnas fåbodforening om om å utarbeide bransjekriterier for lokal foredling av stølsmelk. Dette har hittil blitt et omfattende dokument på 70 sider! Hun understreket at det er unntak i kriterier for foredling av melk for seterbruk der det ikke er et bastant krav om et fullt utrustet meieri. ((EG) nr 852/2004, II kapittel 2b, 3 og 4). Olufson hadde som visjon å komme opp i 10 000 matprodusenter i løpet av ti år. Eldrimner gir ut et eget tidsskrift og arrangerer kurs og studieturer. Hun viste også en flott og informativ mat-app de har utarbeida. Lokal mat med elg som hovedrett var også på menyen under festmiddagen lørdag kveld. Middagen var bekostet av Torsby kommune.

Paneldebatt

Søndag morgen var samlingen klare for paneldebatt. Tema for debatten var hvordan en kan ha en energieffektiv, globalt bærekraftig og klimavennlig matproduksjon fra utmarsksbeiter. Innleder var Martin Moraeus, LRF Dalarna.

I panelet satt

Håkan Tunon fra CBM-naptek. Han var opptatt av biologisk mangfold, og hvor viktig det var å øke forståelsen for dette blant politikerne.

Paulina Palmkanz, leder i den svenska fåbodirksforeningen siden 2008. Hun orienterte om at organisasjonen arbeider for å få innpass i fora der de kan påvirke politisk. De har også arbeidet med å kartlegge faktisk antall fåboder, men strever med å få aksept for sine tall.

Hun understreket at de svenske seterbrukerne er tjent med en nyansert rovdyrdebatt for å få politisk gehør. Videre la hun vekt på landbruksutdanningen, og hvor mye den har å si for valg av driftsform. Utmark regnes



Fra paneldebatten med Siv Beate Eggen til høyre.

heller ikke som landbruksareal i Sverige, og da er det veldig bra med Intereggsamarbeid i samarbeid med CBM gir økt fokus på kulturnaturkapsressurser i utmarka.

Bertil Johanson fra Dalarna Fåbodforening mente det var viktig å ha kontakt med alle grupper innenfor landbruket. Han etterlyste en rovdyrforvaltning som også forholdt seg til beiteverdi, og mente Sverige burde ha et nasjonalt ressurscenter for utmarksforvalt-

ning tilsvarende Norsk Institutt for Skog og Landskap.

Siv Beate Eggen fra styret i Norsk seterkultur rakk så vidt å orientere om virkemidler som er brukt i Trøndelag for å få flere til å ta opp igjen stølstrifta si. I Snåsa ble stølstrifta avviklet på 1960-tallet, og utmarka ble bare utnyttet av sau og ungdyr. Gjennom RMP har stølstilstskuddet økt, og i dag er det 20 setrer i drift i samme området.

Felles styremøte mellom Norge og Sverige



Fäbodsriksdagen samler mange seterbrukere.

Under samlingen rakk også Norsk seterkultur og Svensk Fäbodforening å ha et felles styremøte. For Sveriges del består styret av lederne for hvert av de regionale lagene samt leder for landsorganisasjonen. For Sverige var Dalarne representert av Roger Beronius, Jävleborg av Stefan Olander og Värmland av Bertil Johanson. Leder av landsforeningen er Paulina Palmkranz. Styrene var samstemte om at vi kan bli enda mer slagkraftig

om vi jobber sammen, og knytter arbeidet til internasjonale aspekter. I Sverige sliter stølsbrukerne med å få aksept fra myndighetene for den historiske beitebruken, og de anser den norske landbrukspolitikken mye mer tilpasset et beitebasert landbruk. Det svenske styret var også klare på at rovdyrpolitikken er avgjørende for deres eksistens. Rovdyrpolitikken kan endres – til nå har det vært til rovdyrenes fordel. Unntak i den

svenske rovdyrforvaltningen blir kun gjort i samiske områder med reinsdyrbeitelag. I tillegg er også tilskuddet til stølsbrukere i Sverige halvert fra 2007. Årsaken til dette er at det da også ble åpnet for støltilskudd for ammekyr. På den måten ble samme sum fordelt på flere og dermed mindre penger til de aktive stølsbrukerne. I følge det svenske styret er antall seterbrukere redusert med 50% etter 2007.

Styret i Norsk seterkultur viste til en tilsvarende utvikling på norsk side, med stort fråfall både fra stølsdrift og melkeproduksjon generelt. Styret viste til at selv om det er lett å få melkekvote, er utgiftene økt uforholdsmessig mye i forhold til inntektene, slik at mange vegrer seg for å overta.

Styrene konkluderte med at vi har mange felles arbeidsområder både politisk og faglig, og en ble enige om å arrangere en felles norsk – svensk konferanse i grensetraktene høsten 2013. Nærmere dato og program kommer vi tilbake til i senere utgaver av Seterbrukaren.




Fäbodsriksdagen er et godt arrangement både faglig og sosialt.

En av betingelsene der er at det skal være minst to kyr i minimum fire uker. Det er heller ikke lov å bruke kunstgjødsel eller sprøytemidler. Stølsbrukerne er også pålagt å være besøksseter. Hun kom også med betraktninger på inntrykk fra samlingen og ulikheter på svensk og norsk side; i Norge diskuterer man stølsdrift i forbindelse selv-forsyningsgraden. I Sverige opplevde hun at diskusjonen handler diskusjonen om hvordan å holde ut.

Besøk på fäboder


Etter debatten dro deltakerne på stølsbesøk. I Sverige som i Norge består en fäbod som regel av flere støler som kan sammenlignes med stølslag. Ingen av stølene vi besøkte hadde mjølkeproduksjon lenger, men noen hadde ammekyr eller beitedyr fra nabosetra som beitet i området. Slåttejorder og bygninger var imidlertid godt hevdet.



"Dei tidlegaste kjeldene som nemner innkoking av myse til pålegg, er fra 1600-talet".

Kirsti Lunde i Syn og Segn
03-2012.

Returadresse:
Norsk seterkultur
6214 Norddal



*Bli medlem
i Norsk seterkultur*

Medlemskontingent 2013

Aktiv seterbukar	kr. 400,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 300,-
Organisasjon/institusjon	kr. 600,-

Ja, eg vil bli medlem

Aktiv seterbukar
 Organisasjon/institusjon
 Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre
heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
Bankgiro: 2367 20 51 169



Mange av våre produkter
har rot i stølskulturen
og vi støttar Norsk Seterkultur
i arbeidet for denne driftsforma



Holdbare kyr med

Pluss Multitilskudd storfe og geit

Pellets eller pulver

Høg produksjon, god fruktbarhet
og god helse sikres ved bruk av
Pluss Multitilskudd. Gi alltid
multitilskudd når dyra får mindre
enn 3 kilo kraftfôr eller ved bruk
av alternative førmidler.



Pluss